

Saksbehandlar: Svein Hågård, Fylkesrådmannen  
Sak nr.: 11/2898-81

## **Søknad om fritak frå vervet som medlem i fylkesrådet for eldre**

### **Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:**

1. Rønnaug Holmøy får fritak frå vervet i fylkesrådet for eldre for resten av valperioden.
2. Anna Sofia Skaar rykkjer opp som fast medlem for resten av valperioden.

#### Vedlegg:

Legeerklæring av 18.07.14.

Andre dokument som ikkje ligg ved:

---

## **SAKSFRAMSTILLING**

---

### **1. Bakgrunn for saka**

Fylkesrådet for eldre har fem medlemmer med personlege varamedlemmer.

Fylkesutvalet valde i sak 128/11 medlemene i eldrerådet for inneverande valperiode. Etter framlegg frå Pensjonistforbundet Sogn og Fjordane valde fylkesutvalet Rønnaug Holmøy som ein av medlemene i rådet. Eldrerådet sjølv valde seinare Holmøy som nestleiar.

Holmøy har no søkt om fritak frå vervet i rådet av grunnar som framgår av vedlagde legeerklæring.

Fylkestinget gav i sak 27/97 fylkesutvalet mynde til å gi fritak frå verv i andre folkevalde organ enn fylkestinget.

### **2. Vurderingar og konsekvensar**

Den som ikkje utan «uforholdsmessig vanskelighet eller belastning kan skjømte sine plikter i vervet», kan etter søknad få fritak frå vervet i folkevald organ, jf. kommunelova § 15, nr. 2.

Fylkesrådmannen viser til legeerklæringa og tilrår at fylkesutvalet gir Holmøy fritak frå vervet i eldrerådet ut valperioden.

Anna Sofia Skaar er varamedlem for Holmøy, også ho vald etter framlegg frå Pensjonistforbundet Sogn og Fjordane. Då det berre er att vel eitt år av valperioden, ser ikkje fylkesrådmannen det som føremålstenleg å be Pensjonistforbundet om å kome med framlegg på kven som skal vere ny medlem etter Holmøy. I staden gjer fylkesrådmannen framlegg om at

Anna Sofia Skaar rykkjer opp som fast medlem i eldrerådet for resten av valperioden og at det ikkje vert vald ny varamedlem.

Fylkesrådet for eldre må sjølv velje ny nestleiar for resten av valperioden blant alderspensjonistane, jf. § 1 i reglementet for eldrerådet.